

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Styre	Valdres Næringshage	03.04.2019

**Sak nr :  
RS 18/-19 Festivalstrategi 2019-2020**

*Bakgrunn:*

Valdres har sidan 2008 hatt ein festivalstrategi. Festivalstrategien skal vere eit hjelpemiddel for å best mogleg utvikling av festivalane og for Valdres som merkevare. Det er derfor viktig at strategien heile tida er i takt med utviklinga. Festivalane er svært ulike, og tal festivalar har gått ned frå 10 til ni i 2019 då Stølsfestivalen har trekt seg ut. I førre periode gjekk Landbruksdagen ut av nettverket, medan FRIKAR i fossen – Draumefangaren gjekk inn. Vi har derfor lagt opp til ein evaluering annan kvart år. Gjeldande festivalstrategi er diskutert i festivalnettverket 6. desember), i Valdres kulturnettverkt (1.februar) og i Valdresrådet 20. februar. Kulturnettverket legg mest vekt på at det blir take omsyn til kulturfestivalane som treng regional medfinansiering for å få støtte frå kulturet. Frå Valdresrådet kom det ulike tilbakemeldingar, nokre motstridande, men eit punkt mange la vekt på at det er viktig å halde på hovudintensjonen med å bygge opp om merkevara Valdres. Vidare var det mange som meinte det burde vere ein eigen pott til utviklingstiltak. Oppsummert var tilbakemeldinga i seks punkt:

1. Å jobbe opp mot merkevara er viktig. Det er viktig å belønne dei som bidreg til merkevara. Det bør vera verdifult å vera ein del av merkevara. Namn på ei bedrift støttast ikkje, ei bra portefølje som i dag.
2. Viktig å ta vare på matchinga med kulturet. Kulturet deler ut pengar ut frå kulturhensyn åleine. Viktig at festivalane er reason to og /eller reason to stay
3. Festivalane som økonomisk bærekraftige, dei bør kanskje finansiere seg sjølv. Dei festivalane som går godt, er det rett at vi skal støtte dei?
4. Med eit slikt opplegg som dette får vi ikkje fram utviklingspotensiale. Potten bør delast, ein del til å støtte mot kulturet og det bør vera ein pott til nyutvikling. Potten burde vera større og delt i to. Alt i alt fungerer systemet vi har, men er vi gode nok på utvikling?
- ✓ Det kan være eindagsarrangement som generer mange besøkande.
- ✓ Ein internasjonal dimensjon er og viktig
5. Dei som legg arrangement til lågsesong bør premieras.
6. Støling i Valdres: Stølsveko og stølsfestivalen – og landbruksdagen som eige satsing?

Ut i frå innspela foreslår vi at hospitantordninga går ut og at det i staden settast av ein sum på kr 50000,- til utviklingstiltak for festivalar og andre store arrangement (sjå kriteriar i festivalstrategien). Vidare foreslår vi at kulturfestivalar med krav om regional medfinansiering vert høgare prioritert. Festivalane er i prosess med miljøsertifisering og vi foreslår ei forsterking av festivalen med krav om miljøplan. Ut over det heldt vi fram med kriterium som skal bygge merkevare, slik at tilskotet ikkje er behovsprøvd.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Styre	Valdres Næringshage	03.04.2019

**Forslag til vedtak:**

Regionstyret slutter seg til utkastet til festivalstrategi og søknadsjema.

**Vedtak:**

---

sign.

Utskrift sendt til